Til alle medlem i Utdanningsforbundet Vestre Slidre

For nokon har julefreden allereie senka seg, andre har att nokre arbeidsdagar før det er fri. Uansett kvar du er i løypa, vil me takke deg for enno eit fint år i lag.

Styret arbeidar jamt for å arrangere innhaldsrike medlemskveldar med fagleg påfyll, nyttig informasjon og noko attåt. Det er i desse møta me blir kjende med alle de som er så engasjerte i barn, elevar og lærarar sine barnehage- og skuleliv. Har du eit ynskje om kva ein slik kveld skal innehalde, eller andre idear til aktivitetar me kan invitere medlem til? Sei frå, me vil ha fleire med på laget!

Senk skuldra, bruk ferien på det du likar å gjere, og lad opp.
Det har du fortjent ♥

♥ God jul, og godt nyttår ♥

Venleg helsing lokallagsstyret